

NotatDato: 27.07.2018
Arkivsak: 2014/560-321
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkestrafikksikringsutvalet

Frå: Ungdommens fylkesutval

Trepunktsbelte på alle bussane i heile Hordaland

Under årets Ungdommens fylkesting vart det vedteke at ei av sakene Ungdommens fylkesutval (UFU) skal jobbe for er ei innføring av trepunktsbelte på alle bussane i heile Hordaland.

Det er viktig at me saman må skape gode haldningar blant unge når det kjem til bruken av setebelte, men korleis skal ein kunne skape dei same haldningane hos alle, når tilbodet ikkje er likt på alle bussane?

Sjølv om nokre bussar køyrer på stader med lågare fartssone, betyr det ikkje at vegen er tryggare. Eit døme er 90-bussen, som går frå strekninga Nesttun-Arna. I november 2017 kunne ein lese om ein kollisjon mellom ein personbil og ein buss med rundt 30 skuleborn på, utan belte. Heldigvis gjekk det bra, men det kunne òg gått verre - særleg på slike tronge strekningar som denne.

Vi treng skikkeleg sikkerheit så ingen, verken barnehagar, skuleelevar eller andre passasjerar skal måtte vere redd for deira eigen sikkerheit på offentleg transport. UFU støttar vedtaket som vart gjort i fylkestinget i juni: «Nye anbod skal innehalde krav om setebelter på buss.». Topunktsbelte gir ikkje tilstrekkeleg med sikkerheit, då ein kan risikere å bli slengt både fram eller til sida i høg fart. UFU meiner difor at nye anbod skal innehalde krav om trepunktsbelte på buss. Det er viktig for UFU og ungdom i heile Hordaland at dette blir teke på alvor. Vi ynskjer at det blir set opp fleire ruter så færre passasjerar må stå under reisa, og innføring av trepunktsbelte på alle bussar i fylket slik at alle kan reise like trygt i heile Hordaland.

Ida Heggland
Leiar for miljø og samferdsel
Ungdommens fylkesutval